



# TORJÅ

LEIAR

## På leigd jord

Andelen leigd jord i landbruket har skote kraftig i veret dei siste 15 åra. Mange bønder har lagt ned drifta, men i staden for å selja, leiger dei ut jorda til naboar eller andre.

Dei som er blitt att i jordbruken, driv stadig større, og har behov for jord. På Jæren er det stor etterspurnad både etter å få leiga og kjøpa jord.

Jordbruksjord er i prinsippet ein evig verdi, og i dagens Norge, med sterk prisregulering, er den økonomiske gevinsten begrensa for seljar. Det - kombinert med at mange er knytta til jorda, som kanskje har vore i familien gjennom mange generasjonar - bidreg til at folk vel å leiga ut i staden for å selja. Skattereglane er eit anna viktig moment som bremsar omsetnaden av jordbruksjord. Dei er utforma slik at ein bonde som legg ned drifta må betala meir i skatt om han sel garden/jorda ut av familien med ein gong enn om han først leiger ut jorda ei stund og så sel henne.

### Det aller viktigaste er at jorda blir halden i hevd og driven.

Det aller viktigaste er at jorda blir halden i hevd og driven. Driveplikta er ein god garantist for det. Jordleige i seg sjølv er ikkje negativt, men i eit langsigkt perspektiv er det eit gode at den som driv jorda også eig henne. Då kan ein lettare investera langsiktig - både i jorda og i maskinar, utstyr og dyr på garden.

Regjeringa føreslår no mellom anna at dei som har leigd jord over tid, skal kunna kjøpa konsesjonsfritt og utan prisregulering. I eit pressområde som Jæren kjem det truleg til å føra til høgare prisar. Dersom den som leiger jord får særordningar samanlikna med andre potensielle kjøparar, kan det også bli endå meir attraktivt å leiga - med tilhøyrande prisoppgang på leigejord. Det betyr at nyordninga - sjølv om ho skulle opna mogelegheiter for faktisk å få kjøpt jord - kan gje ekstrakostnader til dei som satsar på ei framtid i landbruket. Gevinsten går til dei som har avvikla si eiga landbruksdrift.

**Jærbladet** Partipolitisk uavhengig avis.  
Grunnlagt 1949 av Jon Fatnes

HILDE GARLID  
ansvarleg redaktør  
905 31 816  
hilde@jbl.no

ERNST A. EIK  
administrerande direktør  
414 28 650  
ernst@jbl.no

**PFU** Jærbladet arbeidar etter Ver Varsam-plakatens regler for god presseskikk. Dei som meiner seg ramma av urettvis omtale, vert oppmoda til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglege Utval (PFU) er eit klageorgan oppnevnd av Norsk Presseforbund. Dei behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgt. 17, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40, faks: 22 40 50 55.

### OM JÆRBLADET

Jærbladet kjem ut mandag, onsdag og fredag, og er ein del av Nordsjø Media-konsernet. Opplag: 12.930

### DELTA I DEBATTEN

Send gjerne innlegg via e-post:  
[redaksjon@jbl.no](mailto:redaksjon@jbl.no),  
eller via [www.jbl.no](http://www.jbl.no).

Skriv ikkje for langt.  
Jærbladet tek etterhald om redigering.

## Jernbanereformen et år etter

### Samferdsel

Kjetil Sørlund

Lokomotivpersonalets forening,  
Stavanger

Den 15. juni 2015 ble Stortings-melding 27 (2014/2015) På rette spor, også kalt Jernbanereformen, vedtatt i Stortinget. Da denne ble presentert på Oslo S den 11. mai samme år var ikke dokumentene kommet offentlig i hende. Det lå an til en hastebehandling man sjeldan hører om.

Regjeringen forventer å få mer tog for pengene og derfor skal regjeringen bryte NSBs monopol og lage konkurranse om togkjøringen. Ordet konkurranse gir folk en tanke om valgfrihet, at man skal kunne reise med selskap A eller B fra Egersund til Stavanger. Realiteten er stikk motsatt. Det er regjeringen som får velge om det er selskap A eller B som får monopol. Det går fra ett monopol til flere monopol. Hittil har de opprettet interimdrift i Jernbanedirektoratet og lyft ut 2 anbudspakker. Den første er Sørlands- og Jærbanken og den andre er Dovrebanen, Rørosbanen, Rumabanen, Trønder- og Nordlandsbanen.

Flere monopol betyr oppsplitting av jernbanen. Hvordan skal dette spare penger? På andre områder vil de samle for å spare penger. De vil at private aktører skal få muligheten til å kjøre tog Norge dersom de kan gjøre det billigere enn NSB. Vi skriver private fordi det er kun ett privateid selskap som er interessert i togdrift i Norge, de andre vil fremstå som private i Norge men de er i realiteten eid av myndighetene i andre land. Hvert selskap kommer til å måtte ha hver sin administrasjon og hvert sitt sikkerhetssystem. NSB har alt



**TOG:** «Det går fra ett monopol til flere monopol», skriver Kjetil Sørlund i dette leserinnlegget.

ARKIVFOTO: ÅGE BJØRNNEVIK

dette felles for hele landet.

I Sveits hadde de sin egen jernbanereform, kalt Jernbane 2000. Der jobbet og jobber de motsatt av det Norge gjør i dag. Der blir jernbanen trafikkert, bygget og vedlikeholdt av samme selskap. Det er SBB som er det statlige jernbaneselskapet i Sveits. De står for all togtrafikk på de store toglinjene. I tillegg finnes det små selskaper som kjører på mindre baner, gjerne baner SBB har forlatt til fordel for nye og raskere baner. Disse blir gjerne sett på som private men er i realiteten eid av lokale myndigheter. I et intervju med Manifest tidsskrift mener Benedikt Weibel, sjef for SBB i perioden 1993-2006 at den sveitsiske jernbanereformen hadde ikke latt seg gjennomføre med modellen Norge har i dag med Jernbaneverket og togselskap.. Nå skal den norske jernbanen splittes i 34 statlige direktorat og etater, inntil 8 ulike persontogselskap samt godstogselskapene.

En annen undersøkelse, denne

gjort i Storbritannia, sammenliknet 16 britiske togselskap hvorav 1 statlig og 15 private. Det statlige fikk kun 1 prosent av inntektene gjennom offentlig tilskudd, de private fikk hele 32 prosent av sine inntekter gjennom offentlig tilskudd. Samtidig gav det statlige selskapet mer penger tilbake til statskassen. Staten tok over drifta da de private bare låste døra og gikk. Dette kan skje også her i Norge om ikke de private tjener de pengene de var forespeilet. Nå er dessverre det statlige selskapet privatert igjen.

NSB blir nødt til å selge unna alle verdier til statens mange, nye etater. Togene som står for mesteparten av NSBs likviditet skal overtas av staten og så må de leies tilbake. NSB står tilbake som et bemanningsbyrå med de ansattes lønn og arbeidsinnsats som eneste forhandlingskort.

Tognorge stor overfor en stor forandring. Vi er ikke overbevist om det er de riktige grep som blir gjennomført.

## Ranglerock (u)-lyd?

### Musikk

Anita Nordmark

Orstad

Lesarbrevet frå Tore Nærland fredag den 15. juli skal ikkje stå ubesvart.

Eg blir først og fremst trist ved tanken på kor låg toleransen er for andre sin utøving av positive aktivitetar som å spela og å lytta til musikk. Særs når det, i Nær-

land sitt tilfelle skjer kun ei helg i året. Eg fekk dessverre ikkje anledning til å vera på Ranglerocken sjølv, men er sikker på at det også i år vart et gildt arrangement for dei som var der.

Me lever saman i eit samfunn med alle variantar av folk. For at dette skal gå som smurt, er me nøydde til å tolka litt frå kvarandre sine preferansar. Det du kalla sjau, vil andre kalla fin musikk. Og er ikkje musikksjan-

geren grei, skal dei jo leva, dei som lagar øyreproppar også...

Eg kjenner ein Tore Nærland som syklar rundt om i verda for fred. Han treff folk i mange land, og eg er sikker på at han aldri hadde klagar på bråk denne eine helga. Han er vand med ulike kulturar, og han har nok stor toleranse angående ulikheter. Ein kunne kanskje læra noko av akkurat det?